

FORMANNSKAPET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 19.11.2009

Møtetid:

Kl. 14:00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saknr.:

116/09 - 132/09

Følgjande medl. Møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Øystein Østervold	Frp
Jostein Blænes	”	Kurt Frank	H
Renate Møgster Klepsvik	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Julie Solbakken	H		
Jane Stangeland	Ap		
Christian Halstensen	Krf		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Kjetil Østervold	Frp	
Morten Storebø	H	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Arve E. Sunde, skulesjef Liv M. Østervold, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Framlegg kandidater kulturpris 2009
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader
Diverse:	Sak 125/2009 vart handsama til slutt etter sak 132/2009.

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Edvard Johs. Stangeland

Jostein Blænes

Renate Møgster Klepsvik

Julie Solbakken

Jane Stangeland

Christian Halstensen

Kjetil Østervold

Morten Storebl

116/09: GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 8. OKTOBER 2009

Vedtak:

Møteboka frå møte i formannskapet 8. oktober 2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

117/09: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Spørsmål frå Jane Stangeland:

Veg fram til gravplassen og vidare fram til veg til Birkeland vert i dag nytta som turveg av folk på Storebø. Kan det nyttast midlar frå LivogLyst-prosjektet til å finansiera veglys på denne strekninga?

Svar frå Helge Andre Njåstad:

Me har fått innspel om dette frå Storebø Vel v/ Målfrid Bjånesøy og Knut K. Kalvenes tidlegare og formannskapet fekk kopi av diverse korespondanse der på førre møte. Det har og vore vurdert som eit evt. tiltak i regi av LivogLyst, med eit tilskott. Etter dialogen med Storebø Vel tok eg dette opp med fylkeskommunen om eit slikt prosjekt var berettiga til tilskott som turveg. Ventar på svar på det spørsmålet. Då ville det i tilfelle vært lettare å få dette til.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

118/09: REFERATSAKER

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

119/09: FRITAK FRÅ FOLKEVALDE VERV I AUSTEVOLL KOMMUNE - SUPPLERINGSVAL

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre gjev Morten Storebø fritak frå alle folkevalde verv for resten av kommunestyrevalperioden med verknad frå 31. oktober 2009.
2. Austevoll kommunestyre føretek i det høve følgjande suppleringsval:

Formannskapet:

Administrasjonsutvalet:

Kommunenes Sentralforbund:

Overtakstnemnda for eigedomsskatt:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

120/09: TILSKOTSORDNING FOR ETABLERING AV LADEPUNKT FOR EL-KJØRETØY

Vedtak:

Formannskapet vedtek at Austevoll kommune søker om tilskot til ladepunkter på følgende stader:

- Kommunehuset på Storebø.
- Pleie- og omsorgsenteret på Storebø.
- Pleie- og omsorgsenteret i Bekkjarvik.

Rådmannen får i oppdrag å vurdere talet på ladepunkt før endeleg søknad vert sendt.

121/09: SØKNAD OM OVERTAKING AV KOMMUNAL VEG I TORANGSVÅG

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner at den omsøkte vegstrekninga med kommunal veg frå fylkesveg og til tidlegare dampskipskai i Torangsvåg vert overført til grunneigaren, slik det er søkt om – vederlagsfritt.

Kommunestyret set som vilkår at nausttomtar, kaier og andre bygningar som nyttar denne vegen i dag, framleis skal kunna nytta denne som før.

122/09: VEDK. VEGBRYGGJER PÅ HEVRØY

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Edvard Johannes Stangeland:

”dei kommunale kaiane” vert endra til ”vegbygger”.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret er positiv til at grunneigarlaget på Hevrøy får overta vegbygger på Hevrøy til takst. Det må utarbeidast eit dokument ved overdraginga som ansvarsleggjer grunneigarlaget for sikkerheta på vegbryggene slik at også vegbryggene kan nyttast av ålmenta.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra takst, overdra og utarbeida dokument som sikrar tilgjenge for ålmenta til vegbryggene også etter overføring.

Vegbryggene vert seld til takst.

123/09: SØKNAD OM TILSKOT TIL REISELIVSMESSER 2010

Vedtak:

Austevoll formannskap løyver kr. 60.000,- i tilskot til Austevoll reiselivslag for deltaking på reiselivsmesser i Bergen og Haugesund i 2010.

Tilskotet vert teke med på budsjettet for 2010 og finansiert frå Næringsfondet.

Tilskotet vert utbetalt når messene er avvikla og etter oppmoding frå reiselivslaget.

124/09: INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND - TILBOD OM RESERVASJON AV Plass I SENTRALT ARKIVDEPOT

Vedtak:

Austevoll kommune reserverer plass i sentralt arkivdepot hos Interkommunalt arkiv i Hordaland, med inntil 150 hyllemeter.

125/09: KULTURPRIS 2009**Handsaming i møtet:**

Vart handsama etter sak 132/2009. Møte vart lukka under handsaming av saka.

Vedtak:

Unnateke off. innsyn

126/09: PROSJEKT AUKA BUSETJING PÅ MØKSTER - OPPFØRING AV UTLEIGEBUSTADER**Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre viser til sitt vedtak frå 11.05.2009, sak 054/09, og sluttar seg til det framlagde prosjektet og målsetjingane om ”oppføring av utleigebustader for barnefamiljar” på Møkster.
2. Austevoll kommunestyre overtek innkjøpt tomt til føremålet.
3. Austevoll kommunestyret vedtek at prosjektet vert innarbeidd i kommunen sitt investerings- og driftsbudsjettet for 2010 med 100 % lånefinansiering frå Husbanken.
4. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån til føremålet med 30 års avdragstid og gjev rådmannen fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
5. Austevoll kommunestyre gjev formannskapet fullmakt til å inngå nærare avtale med Møkster Bu slik det går fram av prosjektet og kommunestyret sitt vedtak.
6. Austevoll kommunestyre tek atterhald om fylkesmannen si godkjenning av låneopptaket.
7. Austevoll kommunestyre gjev formannskapet fullmakt til å godkjenna endeleg kostnadsoverslag og setja arbeidet i gong når finansieringa er på plass.

127/09: BEKKJARVIK FISKERIHAMN. BYGGING AV ALMENNINGSKAI II OG MELLOMKAIEN. BYGGESTEG II.**Handsaming i møtet:**

Christian Halstensen var ugild i saka.

Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek med tilvising til fullmakt i kommunestyresak 033/07 og framlegg til statsbudsjett for år 2010 om statstilskot på kr. 6.415.000,- følgjande:

1. Austevoll formannskap godkjenner eit kostnadsoverslag på kr. 12.830.000,- for utbygging av Bekkjarvik fiskerihamn, byggesteg 2.
2. Austevoll formannskap vedtek følgjande finansieringsplan:

Statstilskot	kr. 6.415.000,-
Kommunal eigendel	kr. 2.566.000,-
<u>Tilskot frå K. Halstensen AS</u>	<u>kr. 3.849.000,-</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>kr.12.830.000,-</u>

3. Austevoll formannskap godtek den garanti for fullfinansiering som ligg føre i brev av 04.11.09 frå K. Halstensen AS.
4. Austevoll kommune garanterer for at anlegget er fullfinansiert.
5. Austevoll formannskap set som føresetnad at prosjektet kan gjennomførast utan kostnad for kommunen og at private garanterer for fullfinansiering og eventuell forskottering av statstilskot. Momsrefusjonen kan gå inn i finansieringsplanen, som kommunal eigenandel.
6. Austevoll kommunestyre føreset at kommunen ikkje påtek seg utgifter for drift og vedlikehald. Kaiavgift eller tilskot må dekkja drift og vedlikehald.”

Det er ein føresetnad at statstilskotet på kr. 6.415.000,-, vert vedteke i statsbudsjettet.

128/09: FØREBELS FØRESEGN - KØYRING MED VASS-SCOOTER I AUSTEVOLL KOMMUNE

Vedtak:

Formannskapet sender ut på høyring: **Førebels føresegn om unntak frå forbodet mot bruk av vass-scooter og liknande fartøy – Austevoll kommune, Hordaland** til følgjande:

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. Hordaland Fylkeskommune, kom.samarbeid, Hamnevesenet i Bergen og omland, Lensmannen, Helse-og sosialsjef, Sjøfartsdirektoratet, Fiskeridirektoratet region Hordaland, Fiskeridirektoratet region vest, Norges Miljøvernforbund og representant for barn og unge, Lene Vik Vassnes.

Føresegna er vedteken av Austevoll Kommunestyre 17.12.2009 med heimel i ”Lov av 26.06.1998 nr. 47 om fritids- og småbåtar §40, 1. ledd.Endret ved lov 16. februar 2007 nr. 9”

1. Føremål:

Føremålet med føresegna er å få til regulert bruk av vass-scooter og liknande fartøy i Austevoll kommune.

2. Geografiske avgrensingar for aktiviteten:

Oppvisning:

Oppvisning av vass-scooterkøyring som idrett kan gå føre seg i hamnebassenget i Storebø, men berre i heilt særskilde høve, og det må hentast inn løyve for kvart særskild arrangement. Køyringa skal då avgrensast til hamnebassenget i Storebø.

Førebels øvingsområde:

Øvingsområde vert, til dess permanent øvingsområde vert funne, i fjorden utanfor Møkster, skissert på vedlagd kart.

Området skal merkjast med 6 oransje bøyer, ei i kvart hjørne av området, og ei på midten av kvar av langsiden. Merkinga skal gjerast av aktuelle brukarar av området, og kontrollerast/godkjennast av Austevoll kommune.

Dette området kan berre nyttast til trening, og køyring kan berre gå føre seg på høglys dag og når det er god sikt.

3. Transportkorridor:

Transportkorridor for vass-scooter til øvingsområdet vert raskaste vegen frå hamnebassenget i Storebø, til nordleg ende av det gjevne øvingsområdet.

4. Avgrensing av aktivitet:

Føresegna gjeld:

Køyring med vass-scooter innafor det gjevne treningsområdet, under føresetnad av at føremålet er idrettsleg trening, og at dette går føre seg i sikre former i regi av ein klubb eller eit lag.

Transport til og frå øvingsfeltet skal skje i tråd med punkt 3, og det skal takast særskild omsyn til anna trafikk i området. Utover dette gjeld sjølvsagt gjeldande reglar for småbåtar og det som er bestemt i ”sjøvetreglane”.

5. Tidsmessig avgrensing:

Unntaket frå forbodet mot vass-scooterkøyring gjeld fastlagde tider for bruk av øvingsområdet. På søndagar og andre heilagdagane kan det ikkje under noko omstende køyrast før etter kyrkjetid. Det vert og slått fast at køyring aldri kan gå føre seg etter solnedgang.

Utover dette vert tidsavgrensing gjeve i kvart einskild løyve.

Ved all køyring skal det takast særleg omsyn til båtutfarten i området.

Eit løyve gjeld aldri for meir enn ein scooter, og vert aldri gjeve for meir enn eit år av gangen. For å ha kontroll med omfanget av aktiviteten i området avgjer rådmannen kor mange løyve som til ei kvar tid kan vere gjeldande.

6. Søknad om løyve – handsaming:

Søknad om løyve til trening i tråd med føresegna kan berre gjevast av rådmann (delegert mynde frå kommunestyret), eller den rådmannen delegerer mynde vidare til.

Planutvalet i Austevoll kommune vert klageinstans.

”Stemnekøyring” i hamnebassenget i Storebø kan berre gjerast etter løyve frå Planutvalet i Austevoll kommune.(delegert mynde frå kommunestyret).

7. Tidsrom som føresegna gjeld:

Føresegna gjeld til ho vert aktivt oppheva, eller til varig område til sjøsportsaktivitetar er regulert til slik aktivitet og det er vedteke naudsynte føresegner.

I samband med rullering av arealdelen til Kommuneplanen, skal kommunen freiste å finne eigna område til den aktuelle aktiviteten. Eit alternativ kan då vere, etter evaluering, å gje den førebelse føresegna varig verknad.

129/09: BUSINESS REGION BERGEN AS - FRAMLEGG TIL AVTALE

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre godkjenner framlagde avtale mellom Austevoll kommune og Business Region Bergen AS om samarbeid og levering av tenester.
2. Det kommunale tilskotet vert innarbeidd i kommunen sine årlege driftsbudsjett.

130/09: KULTURBAKERIET- SØKNAD OM SKJENKELØYVE

Handsaming i møtet:

Tilrådinga vart vedteken mot 1 røyst (Christian Halstensen Krf).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjev følgjande skjenkeløyve for perioden 31.12.2009 til 30.06.2012 til Bjørn Engen for skjenking ved Kulturbakeriet i Prestegarden sine lokaler på Storebø:

- 1) Skjenking av øl og vin måndag til torsdag, samt søndag og helligdager frå kl.1400 til kl.2200. Skjenking av øl og vin fredag til laurdag frå kl. 1400 til kl. 2300
- 2) Skjenking av brennevin måndag til torsdag frå kl.1400 til kl.2200. Skjenking av brennevin fredag til laurdag frå kl.1400 til kl. 2300
- 3) Uteskjenking av øl og vin frå kl. 1400 til kl. 2300.
- 4) Bjørn Engen vert godkjent som styrar med Kjersti Rosendahl som avløyser.
- 5) Skjenking er avgrensa til ovannemnde lokalar med 46 sitjeplassar inne og 48 sitjeplassar ute.

- 6) Uteskjenking kan skje i front av Prestegarden på ein terrasse, eit avgrensa areal med 48 sitjeplassar med stakittgjerde rundt, fysisk avgrensa frå trafikk.

- 7) Kulturbakeriet sitt skjenkeløyve gjeld og uteskjenking av brennevin på terrassen i front av skjenkelokalet, fysisk avgrensa frå trafikk.
- 8) Skjenking av øl og vin måndag til torsdag, samt søndag/helligdager frå kl.1400 til kl.2200. Skjenking av øl og vin fredag til laurdag frå kl. 1400 til kl. 2300

- 9) Skjenking av brennevin er tidsavgrensa frå kl 1400 til kl 2200 måndag til torsdag. og søndag/helligdager. Og 1400 til 2300 fredag og laurdag

- 10) Skjenkeløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 1989-06-02 nr 27 m. v, forskrift og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekkar avvik.
- 11) Det er ein føresetnad at forfalt alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalt.

131/09: PLAN FOR IDRETTSANLEGG, NÆRMILJØANLEGG OG FRILUFTSLIV I AUSTEVOLL KOMMUNE I PERIODEN 2010 - 2013

Vedtak:

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune i perioden 2010 - 2013 vert vedteke og sendt ut på høyring med høyringsfrist 7. desember 2009

132/09: REKNESKAPSRAPPORT ETTER SEPTEMBER 2009

Vedtak:

Austevoll Kommune tek rekneskapsrapport etter september 2009 til orientering.

Rett utskrift:

Astrid Norunn Fagerbakke

